

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/4601-1

## **Fylkesatlas og kartlegging av tilgjengelegheit for friluftsområder i kommunane**

**Innspel til korleis fylkesrådet kan oppmode kommunane om å jobbe vidare med kartlegginga vert lagt fram i møte frå medlemmene i fylkesrådet.**

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

Anlegg for fysisk aktivitet bør vere tilgjengelege for alle. No har fylkeskommunen kartlagt tilgjenge til 24 badeplassar og 20 skianlegg i fylket.

Kartlegginga er gjennomført for å styrke tilgjenge for alle til skianlegg og offentlege badeplassar i fylket. Registreringa er gjennomført i alle kommunane og det er no opp til kommunane og skianlegga å ta dette vidare i si planlegging og gjennomføre tiltak for å betre tilgjenga.

Visjonen i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er fysisk aktivitet for alle. God tilrettelegging, kunnskap om universell utforming og god tilgang er avgjerande for at alle innbyggjarar og tilreisande skal ha høve til å delta i fysisk aktivitet.

Kartlegginga som vart gjort har retta seg berre mot delar av dei friluftsområda som kan kartleggast. Kartlegginga skjer ved hjelp av ein app som Kartverket har laga med tilhøyrande klassifiseringsskjema for å kartlegge utlike friluftsobjekt.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk informasjon om kartlegginga i møte 16. mars, og har ynskje om at det vert jobba vidare med dette i kommunane for å få kartlagt enno meir.

Meir informasjon om kartlegginga finn de her: <http://www.sfj.no/kartlegg-universell-utforming.5820252-339466.html>